



Hardangerrådet iks



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 30.03.2017

Klokka 09.30 – 11.00

Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordførar Anved Johan Tveit, til kl 1200

Jondal kommune: Ordførar Jon Larsgard – Rådsordførar

Kvam herad: Varaordførar Heidi Sandven Botnen

Odda kommune: Varaordførar Linda Haugland Jondahl

Ullensvang herad: Varaordførar Kåre O Grønsnes

Ulvik herad: Formannskapsmedlem Stig Røkenes

Rådmannsforum: Rådmannsforum v/Reidar Meel

Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Forfall:

Granvin herad: Ordførar Ingebjørg Winjum

Agenda:

09.30 - 11.00 Sakshandsaming Hardangerrådet

11.00 - 12.00 Orientering v/ Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen

12.15 - 12.40 Sakshandsaming Hardangerrådet

12.40 - 13.20 Lunsj

13.20 – 14.10 Årsmøte for Hardangerrådet

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste som så vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordførar:

Heidi Sandven Botnen og Kåre O. Grønsnes

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 07/17 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 12/17.

- Dato for neste møte i Regionrådet.
- Invitasjon frå Tankesmien Agenda – Møte 27. april
- Genbank Hardangerfjord
- Forskningsprosjekt verna vassdrag
- Fellesprosjekt som oppfølging av Hardingtinget
- Felles promoteringsfilm for Hardanger
- Støtte til 16. mai-arrangement i Kinsarvik

HR-sak 08/17 Meldingar

Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande

HR-sak 09/17 Uttale frå Hardangerrådet til Regional Transportplan for Hordaland

Vedtak:

Hardangerrådet sender slik uttale til Hordaland fylkeskommune vedr. Regional Transportplan Hordaland 2018 – 2029:

Hardangerrådet støttar strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland fram mot 2029.

Hardangerrådet meiner likevel at hovudmålet for fylkesvegnettet må vera å fjerna forfallet gjennom styrka vedlikehald slik at heile fylkesvegnettet får ein akseptabel standard. Det er ikkje offensivt nok berre å stoppa veksten i forfallet. Planen viser at det samla forfallet på fylkesvegnettet utgjer over 7,3 mrd. Det må sikrast rammer slik at dette forfallet kan fjernast. Ein må derfor i planen visa at ein har slik ambisjon for heile fylkesvegnettet, ikkje berre for det overordna.

Hardangerrådet støttar formuleringane i planen vedr. tilrettelegging for reiselivets behov for kollektivtilbod. Det er viktig at haldeplassstruktur vert tilpassa reiselivets behov. Billettssystemet som skal nyttast i kollektivtrafikken må vera tilpassa «dagens» betalingssystem.

HR-sak 10/17 Søknad om støtte til fotoprosjekt.

Vedtak:

Hardangerrådet avslår søknad frå Luca Berti om støtte til fotoprosjekt.

Regionrådet sender søknaden over til arbeidsgruppa som arbeider med Knud Knudsenvisningssenter.

HR-sak 11/17 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.

Det var ikkje orienteringar frå kvar kommune i dette møtet .

HR-sak 12/17 Orienterings- og drøftingssaker

- Dato for neste møte i Regionrådet.

Møtet 27. april vert avlyst. Neste ordinære møte vert 16. juni.

- Invitasjon frå Tankesmien Agenda – Møte 27. april

Kommunane spreier informasjon om dette møtet.

- Genbank Hardangerfjord

Hardangerrådet gjev uttale til saka ifm. Revidert nasjonalbudsjett.

Vedtak:

- Vidareføring av Genbank for Hardangerfjordbestandane av laks og sjøaure.

Hardangerrådet gjev uttale til saka ifm. Revidert nasjonalbudsjett

Hardangerrådet ser med sterke bekymring på vedtaket om å legge ned arbeidet med å etablere ein genbank for Hardangerfjordbestandane av laks og sjøaure ved å ta bort løyvinga i Statsbudsjettet for 2017.

Kvifor genbank for Hardangerfjorden?

Vedtaket om å etablere ein genbank for Hardangerfjorden kom etter ein lang dragkamp om ei eige forskrift for oppdrettsaktiviteten i fjorden. Etter fleire tiår med aukande oppdrettsbiomasse og med sterk bestandsnedgang for laks og sjøaure i vassdraga, vedtok Fiskeri- og kystdepartementet i 2008 «Frysvedtaket». Dette innebar forbod mot utviding eller klarering av nye lokalitetar, stans i innflytting av eksisterande eller tildeling av nye løyver til lakse- og aureoppdrett i Hardangerfjorden.

Ut i frå den situasjonen for villfisken, fann Regjeringa i 2013 at det var behov for å sikre aktuelle bestandar i Hardangerfjorden i ein eigen genbank. Eit slikt tiltak ville gje myndigheter og næring betre tid til å løyse utfordringane med lakselus og rømt oppdrettslaks.

Ei løysing med ein genbank vart ein føresetnad for i det heile å kunne ha ei moglegheit til å sikre bestandar av ville laksefisk i Hardangerfjorden. I genbanken er målsetninga å ta vare på innsamla materiale frå ei rekke vassdrag i både ein levande og frozen genbank.

Den situasjonen som ligg til grunn for vedtaket om å etablere genbanken har utvikla seg over lang tid

Stoda for dei ville bestandane av laksefisk i Hardangerfjordvassdraga er svært alvorleg. For mange av laksestammene er denne innblandinga langt over dei grenser som forvaltinga har satt og svært dramatisk. Regjeringa sitt vedtak om å avslutte bevaringsarbeidet, fører til at bestandane vil bli endå meir svekka og nokre vil kunne forsvinne innan kort tid. Erfaringa frå to sesongar med innsamling av stamfisk har vist urovekkande stor innblanding av oppdrettsgener i stamfiskmaterialet.

Utan ei genbankløysing vil moglegheita til å ta vare på ei rekke av bestandane bli borte, for all framtid.

Lokalt engasjement

Mange av dei involverte vassdraga har vore stengt for fiske lenge, nokre elvar heilt tilbake til slutten av 1990-talet. Engasjementet og kunnskapen om fisk og vassdrag har fått forvitre i takt med bestandsnedgangen. I lokalt forvaltingsarbeid har vi tapt ein generasjon og to med engasjerte eldsjeler på elvebredda. Erfaringa frå oppstartsåra med innsamling til genbanken har vekka til live eit engasjement i samband med stamfisket, rognplanting og utsett av overskotsyngel. Genbankprosjektet har på kort tid vekt eit stort og breidt engasjement for å ta vare på restane av unike bestandar for framtidige generasjoner. Rundt Hardangerfjorden finn ein ikkje eit lokalsamfunn, stort eller lite, som ikkje har ein sjøaurebekk eller eit laksevassdrag i sin midte. Historisk ein ressurs som bidrog til Hardanger på mange vis, m.a. ved oppstarten av fjorden som attraktivt reisemål på slutten av 1880-talet.

Kva blir konsekvensen av Statsbudsjettet?

Stoda for laks og sjøaure i Hardangervassdraga er ikkje endra til det betre etter vedtaket om å etablere genbanken i 2013.

Den situasjonen vi no er komen i betyr ein dramatisk forverring for alt svekka bestandar i vassdraga kring Hardangerfjorden

Den planlagde genbanken må på plass og innsamlingsarbeidet vidareførast alt hausten 2017. Det er difor viktig at Stortinget tar grep og endrar vedtaket om avvikling av genbankprosjektet gjort i samband med Statsbudsjettet.

- Forskningsprosjekt verna vassdrag

Informasjon vert sendt over til rådsmedlemmene saman med møteboka.

- Fellesprosjekt som oppfølging av Hardingtinget

Regionrådet ber Team Hardanger arbeida vidare med pkt 1. Vedr. pkt 2 må det avklarast roller ift. Studiesenteret i Hardanger.

- Felles promoteringsfilm for Hardanger

Administrasjonen undersøkjer mogeleg samarbeid med Reisemål Hardangerfjord og kjem tilbake til Regionrådet med innspel til alternative filmprosjekt.

- Støtte til 16. mai-arrangement i Kinsarvik

Regionrådet støttar arrangementet i 2017 med kr 20.000. Beløpet vert dekkja gjennom kraftlinjemidlane, Ungdomsrådet.

Møteboka godkjent 30.03.2017.

Jon Larsgard
Rådsordførar

Heidi Sandven Botnen
Rådsmedlem

Kåre O Grønsnes
Rådsmedlem